

Dykkar ref.: Vår ref.:P1852 Dato:22.12.2025

Detaljregulering FTU3 utleigehytter ved Kursetstranda – ROS-analyse

ROS-analyse er basert på funn i ROS-sjekkliste datert 22.12.2025:

- Sekundærverknad av fjellskred, flodbølge
- Områdeskred av kvikkleire
- Stormflo
- Overvatn

Med helsing



Bjarte F Friisvold
Seksjonsleiar PA/Arealplanleggar
Mob 974 89 987 / e-post bjarte@oseing.no
Oseing.no

NR.: 1	Sekundærverknad av fjellskred - flodbølgje:
Skildring av uønskt hending: Planområdet ligg i strandsona og er utsett for sekundærverknad av fjellskred – flodbølgje frå Åknes.	

OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK 17)	TRYGGLEIKSKLASSE FLAUM/SKRED	FORKLARING
Krav til tryggleik mot flaum TEK17 §7-3	S2	

ÅRSAKER
Det blir lagt opp til utbygging av utleiehytter og vidareføring av naust strandsona.
EKSISTERANDE BARRIERAR
Eksisterande terreng.
SÅRBARHEITSVURDERING
Planområdet ligg i strandsona, der det er planlagt for utleiehytter, eksisterande naust og andre tiltak.

SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING
		X		
<u>Grunngjeving for sannsyn:</u> Del av utbyggingsområdet innanfor planen vil liggje innanfor areal utsett for sekundærverknad frå fjellskred frå Åknes - flodbølgje.				

KONSEKVENSVURDERING					
	Konsekvenskategoriar				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	
Liv og helse			X		
Stabilitet			X		
Materielle verdiar		X			
<u>Samla grunngjeving av konsekvens:</u> Dersom det ikkje blir gjort tiltak mot flodbølgje kan det oppstå skade på materielle verdiar.					

UVISSE	GRUNNGJEVING
Liten	Det er utarbeidd sikre høgder for flodbølgje for tiltak i tryggleiksklasse S2 på kote 1,7 m.

FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy/info til kommunen etc.
Bygningar og tiltak innanfor sona sitt areal må vere dimensjonert for å tola påverknaden frå slike naturhendingar, for å sikre tryggleik for brukarar og areala sin funksjon i framtida. Sikker byggjehøgde for tryggleiksklasse S2, er kote 1,7 m. For tryggleiksklasse S1 er det ikkje gjeve kotehøgde, det er ikkje restriksjonar for tiltak i tryggleiksklasse S1 i høve flodbølgje. I plankartet er faresone for tryggleiksklasse S2 synt med omsynssone H310, den vil legge restriksjonar for tiltak i tryggleiksklasse S2 innanfor planområdet.	Det er sett krav til sikker byggjehøgde/krav til dimensjonering av tiltak i føresegnene for å sikre at det ikkje blir skader på grunn av flodbølgje.

Tiltak som kjem i konflikt med trygg høgde innanfor respektiv tryggleiksklasse må prosjekterast slik at tiltaket vil tole konsekvensar av flodbølgje, eller heve terrenget til sikker høgde.	
--	--

NR.: 2	OMRÅDESKRED UØNSKT HENDING:
Skildring av uønskt hending: Planområdet ligg under marin grense, det kan vere fare for områdeskred av kvikkleire.	

OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK 17)	TRYGGLEIKSKLASSE FLAUM/SKRED	FORKLARING
Krav til tryggleik mot skred TEK17 - 7-2	S2	

ÅRSAKER
Det blir lagt opp til utbygging av utleigehytter, biloppstillingsplassar og det eksisterande naust innanfor areal som kan vere utsett for områdeskred.
EKSISTERANDE BARRIERAR
Eksisterande terreng ligg under marin grense, fjell i dagen i området.
SÅRBARHEITSVURDERING
Planområdet ligg under marin grense, med fare for områdeskred for eit område som er planlagt nytta til utleigehytter, biloppstillingsplassar og eksisterande naust.

SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING
For områdeskred			X	
<u>Grunngjeving for sannsyn:</u> Det er synleg fjell i dagen i og ved planområdet som kan dokumenterast med foto og flyfoto, jamfør bilete 3 i planomtalen. Jamfør NVE rettleiar 1/2019 Tryggleik mot kvikkeireskred er det ved påvising av fjell i dagen eller grunt til fjell, ikkje fare for utløyising av områdeskred. Det er ikkje terreng ovanfor planområdet med kvikkleire slik at planområdet kan bli treft av områdeskred. Det er gjennomført grunnundersøking i nærområdet der det ikkje vart påvist sprøbrotsmateriale.				

KONSEKVENSVURDERING					
	Konsekvenskategoriar				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	
Liv og helse		X			
Stabilitet			X		
Materielle verdiar		X			
<u>Samla grunngjeving av konsekvens:</u> Områdeskred kan gje fare for materielle verdiar, liv og helse, men det er dokumentert fjell i dagen/grunt til fjell, og ikkje høgareliggande område som gjer at planområdet er utsett for å bli treft av områdeskred.					

UVISSE	GRUNNGJEVING
Liten	Det er påvist fjell i dagen, og lite med massar over fjell der det er eksisterande bygningar/planlagt nye utleigehytter/naust.

FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy/info til kommunen etc.
Ikkje nødvendig med tiltak. Det er synleg fjell i dagen i og ved planområdet som kan dokumenterast med flyfoto og foto. Jamfør NVE rettleiar 1/2019 Tryggleik mot kvikkeireskred er det ved påvising av fjell i dagen eller grunt til fjell, ikkje fare for utløyising av områdeskred. Det er ikkje terreng ovanfor planområdet med kvikkleire slik at planområdet kan bli treft av skred.	Ikkje behov for oppfølging.

NR.: 3	OVERVATN UØNSKT HENDING:
Skildring av uønskt hending: Klimaendringar vil medføre meir regn som gjev meir overvatn som kan føre til skade.	

OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK 17)	TRYGGLEIKSKLASSE FLAUM/SKRED	FORKLARING
Krav til tryggleik mot flaum TEK17 §7-1		

ÅRSAKER
Det blir lagt opp til utbygging av utleiehytter og vidareføring av eksisterande naust som kan vere utsett for skader av overvatn.
EKSISTERANDE BARRIERAR
Eksisterande terreng og vegar med grøfter.
SÅRBARHEITSVURDERING
Planområdet blir bygd ut med noko meir harde flater, som kan medføre raskare avrenning av overvatn, eventuelt overvatn frå høgareliggende område.

SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING
			X	
Grunngjeving for sannsyn: Nedbørsfeltet for planområdet er relativt lite på grunn av terrenget rundt og ovanfor planområdet.				

KONSEKVENSVURDERING					
	Konsekvenskategoriar				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	
Liv og helse			X		
Stabilitet			X		
Materielle verdiar			X		
Samla grunngjeving av konsekvens: Nedbørsfeltet som kan påverke planområdet er avgrensa. Frå overliggande bustadar, fritidsbustadar og kommuneveg blir vatn leia til bekkar.					

UVISSE	GRUNNGJEVING
Liten	Nedbørsfeltet til planområdet er avgrensa.

FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy/info til kommunen etc.
Det blir sett krav om 40% klimapåslag for dimensjonering av nye vassvegar for å sikre at det blir tilstrekkeleg kapasitet. Sidan det er kort veg til sjø, blir det ikkje sett krav om drying. Det er opna for erosjonssikring av bekkar gjennom/ inntil planområdet.	Det blir i føresegnene sett krav om 40% klimapåslag for dimensjonering av nye vassvegar for å sikre at det blir tilstrekkeleg kapasitet. Det er opna for erosjonssikring av bekk gjennom/inntil planområdet.

NR.: 4	STORMFLO UØNSKT HENDING:
Skildring av uønskt hending: Planområdet ligg i strandsona og er utsett for stormflo og stormbølger.	

OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK 17)	TRYGGLEIKSKLASSE FLAUM/SKRED	FORKLARING
Krav til tryggleik mot flaum TEK17 §7-2	F2	

ÅRSAKER
Det blir lagt opp til utbygging av utleiehytter og eksisterande naust/vor i strandsona.
EKSISTERANDE BARRIERAR
Eksisterande terreng.
SÅRBARHEITSVURDERING
Planområdet ligg i strandsona, der det er planlagt for utleiehytter og eksisterande naust/vor.

SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING
		X		
<u>Grunngjeving for sannsyn:</u> Del av utbyggingsområdet innanfor planen vil liggje innanfor areal utsett for stormflo. Planområdet ligg innanfor for mogleg framtidig 200-års stormflo med klimapåslag, som kan oppstå ein gang i framtida som følgje av bølgepåverknad og havnivåstigning jf. datagrunnlag frå Kartverket og stormbølger.				

KONSEKVENSVURDERING					
	Konsekvenskategoriar				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	
Liv og helse			X		
Stabilitet			X		
Materielle verdiar		X			
Samla grunngjeving av konsekvens: Dersom det ikkje blir gjort tiltak mot stormflo kan det oppstå skade på materielle verdiar på grunn av stormflo.					

UVISSE	GRUNNGJEVING
Liten	Det er utarbeidd sikre høgder for stormbølger i Se havnivå og gjort vurderingar av bølgehøgder for tiltak i F1 og F2. Stormbølger i dette området vert vurdert til å ha høgde 1,0 m.

FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy/info til kommunen etc.
Bygningar og tiltak innanfor sona sitt areal må vere dimensjonert for å tole påverknaden frå slike naturhendingar, for å sikre tryggleik for brukarar og areala sin funksjon i framtida. Sikker byggjehøgde for tryggleiksklasse F2, bustadar, er kote 3,6 m. Sikker byggjehøgde for tryggleiksklasse F1, mindre bygg og tiltak, er kote 2,7 m. Begge inklusiv høgde for stormbølger.	Det er sett krav til sikker byggjehøgde/krav til dimensjonering av tiltak i føresegnene for å sikre at det ikkje blir skader på grunn av stormflo.

I plankartet er faresone for tryggleiksklasse F2 synt med omsynssone H320, den vil legge restriksjonar for tiltak i tryggleiksklasse F2 innanfor planområdet. Tiltak som kjem i konflikt med trygg byggjehøgde innanfor respektive tryggleiksklasse må prosjekterast at tiltaket vil tole å bli oversvømt, eller heve terrenget til sikker høgde.	
--	--